



Flagga til topps på Rabben idag. Tove Myklebust Heggøy og Camilla Mirian Heggøy (med dachshvalpen Bonai) har ein stor dag

**Flagga vart heist til topps på Rabben Feriesenter i dag etter meldinga om at Fylkesmannen overraskande har gjort retrett og godkjent reguleringsplanen for turistanlegga. Ein årelang kamp mot byråkratiet er heller uventa krona med siger og no finn Tove Myklebust Heggøy grunn til å berømma både kommuneansatte og politikarar for å ha gjort ein god jobb for Rabben i siste runde.**



Vognene får stå etter retretten frå Fylkesmannen

-Eg trudde ikkje at dette ville skje, dette er ein fantastisk dag. Men eg hadde samstundes bestemt meg for ikkje å gje opp sjølv om andre sa at vi burde kasta inn korta, seier Tove til uskedalen.no. Ho sit og formidlar den glade budskapen til mange.

Faren hennar, Steinar Myklebust, har heller ikkje trudd på eit slikt gjennombrøt, som er tufta på nye politiske signal frå høgaste hald.

Også i det område som motsegna frå Fylkesmannen galdt er stemninga høg. Der har 7 ferierande nordmenn

campingvognane sine. Dei er frå Os, Odda og Stord og har feriert på Rabben i inntil 15 år og flytta 3 gonger. I det omstridte område finn ein også tyskarar som har vore der i opptil 20 år. No treng ein ikkje å flytta vognane. Området kan nyttast til næringsformål, utan at det blir rom for fleire vognar.

Reguleringsplanen opnar for langt meir: Planen om ein hardt tiltrengt restaurering av toalettbygget kan realiserast og her har planane vore klåre lenge. To nye og store hytter somogså er godkjente kan reisast bak hytta til Torleif Lien frå Haugesund, Denne hytta er reist for stutt tid sidan og blir innflytta i desse dagar.. Dei eldre og små hyttene skal fjernast men det er ikkje så lett å finna kjøparar.

Tove kan ikkje svare på kven som heretter kjem til å ha ansvar for Rabben, men det er tydeleg at familien har fått ein ny giv etter Fylkesmannens retrett.

-Vi får ta det litt etter kvart, seier ho og lovar ein liten blautkakefest på laurdag.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen